

Sesselva kraftverk

Tilbakemelding på høyringsuttalar frå søkjar Sesskraft AS

18.10.2013

Bystøl AS/Agnar Fosse

Innhald:

- 1. Generelt**
- 2. Kommentar til kvar høyringsuttale**
- 3. Vedlegg**

1. Generelt

Søknad om konsesjon etter vassresslova om å byggje Sesselva kraftverk i Tresfjorden, Vestnes kommune, Møre og Romsdal Fylke, har vore ute på offentlig høyring. NVE har motteke 22 høyringsuttalar til søknaden og oversendt desse til søkjar, Sesskraft AS, for kommentar. Høyringsuttalane har vore gjennomgått av Bystøl AS, som tidlegare har utarbeidd søknaden på oppdrag for søkjar. Til vurdering av høyringsuttalar knytt til biologisk mangfald har Bioreg AS v/Finn Oldervik også kome med synspunkt (Bioreg AS har utarbeidd fagrapport om biologisk mangfald for søknaden).

Fleire av høyringsuttalane peikar på Liafossen som eit svært viktig landskapselement i Tresfjorden. Han er spesielt synleg frå vestsida av Tresfjorden. Fossen er relativt smal i utløpet slik at han er synleg ved relativt små vassføringar. I søknaden er det foreslått å sleppe 134 l/s i denne elva (lik 5-persentil sommarvassføring). For å ytterlegare sikre Liafossen som viktig landskapselement vil søkjar foreslå at sommarvassføringa vert auka til 2 x 5-persentilen, dvs. $2 \times 134 = 270$ l/s. I førre helg var det liten vassføring i området, og det var tekne nye bilder 14.10.13. Vassføringa er utrekna i høve til målestasjon 104.23 Vistdal, som måndag 14.10 hadde vassføring $2,12 \text{ m}^3/\text{s}$. Med skaleringsfaktor 0,135 for Hoemselva gir dette 286 l/s. Eit slikt avbøtande tiltak vil også gi redusert negativ verknad for biologisk mangfald langs vassdraget. Kraftproduksjonen vert redusert med ca 0,8 Gwh og utbyggingsprisen vil stige til litt over 3 kr/kwh.

Ein del av høyringsuttalane er lite grunngjevne og har eit stort innslag av kjenslemessig tilhøve til tiltaksområdet. Vi har valt å ikkje kommentere desse.

2. Kommentar til kvar høyringsuttale.

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment	Kommentar frå søkjar
1.	Vestnes kommune	-Fordelen ved tiltaket er i første rekkje kraftproduksjon og at slik produksjon er utsleppsnøytral. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,0 MW og etter planane gi ein årleg middelproduksjon på 17,6 GWh. -Tiltaket vil gje søkjarane auka inntekter. -Skatteinntekter til kommunen (eigedomsskatt i investerings- og produksjonsfasen). -Tiltaket kan gje auka lokal verdiskaping under anleggsfasen ved kjøp av tenester. -Prosjektet er i tråd med kommunens klimaplan vedteken i kommunestyret 16.06.2011 -Gjev kommunen ei positiv verknad for beredskapen ved kraftlinjebrudd på innførselslinjer. -Prosjektet er i tråd med gjeldande kommuneplan frå 2006. -Prosjektet gjev oss grøn fornybar energi som er viktig i den store klimadebatten. <i>Etter en samla vurdering finn planutvalet at dei positive effektane er større enn dei negative</i>	Ok.
2.	Forum for natur og friluftsliv M&R	-Liafossener er den mest karakteristiske fossen og den mest iaugefallande fossen i heile kommunen. Den er eit viktig landskapselement i rommet mellom Vikebukt og Tresfiorden, mellom fiorden og dei majestetiske fiella. -biologisk mangfald generelt og verdifulle fossesprøytsoner og viktige bekkekløfter spesielt er dokumentert i bm-rapporten Har ikkje tillit til at pålagde krav om minstevassføring vert følgde opp. - Liafossen og vassstrengen knytt til Sesselva og Hoemselva er viktig som turområde, både nærturområde og ein del av eit turområde i større samanheng <i>Utfrå landskapsomsyn, friluftslivsinteressene, biologisk</i>	-Liafossen vert ivareteken ved auka slepp av minstevassføring. -arrangement for minstevassføring vert etablert i samsvar med NVE sine krav og loggført i samsvar med retningslinene til NVE. Synleg display ved inntaket vil vise kontinuerleg vassføring - gjennom foreslåtte avbøtande tiltak vert landskapsomsyn, friluftslivsinteresser og biologisk mangfald rimeleg godt ivaretekne.

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment	Kommentar frå søkjar
		<i>mangfald og ei samla vurdering av konsekvensane av ei kraftutbygging, rår vi difor til at Sesselva kraftverk ikkje får konsesjon.</i>	
3.	Grunneigarar Sætre/Dagstad	-På side 13 i søknaden angående eiendomsforhold står det følgende utsagn. “Sesskraft AS er eigd av eigarane av gardsbruka som grensar inn til elvene. 100 % av fallrettshavarane/grunneigarane står såleis bak søknaden om kraftutbygging” Dette er direkte feil og misvisende. - Realiteten er da slik at de 2 som står bak Sesskraft kun har hånd om 100% av fallrettane. Men 80 % av eiendommene inn mot elvene er det andre som eig, såleis er konsesjonssøknaden basert på feil grunnlag. -Søker opplyser i søknaden på side 23 at Sesselva og Hoemselva er lite brukt til fiske. Dette er også direkte feil. -På side 26 i søknaden stå det følgende angående brukarinteresser. <i>Sitat</i> “Områda ved Daugstadsætra og Sessætra vert i nokon grad nytta som turområde. Der er her bygd veg fram, og området er såleis lett tilgjengelig. Begge sætrane ligg ovanfor planlagt inntak i Sesselva. Område mellom inntaka og kraftstasjonen vert lite nytta i samband med friluftsliv.” Også her meiner vi at <i>søker</i> bevist brukar ein ordlyd som forvrenger sannheta. Sesselva vil bli tilnærma tørrlagt forbi begge sætrane, da inntaket vil bli liggende ovanfor sætrane, ikke omvendt slik <i>søker</i> beskriv det. Mellom inntaka og kraftstasjonen ligg det mest populære turområdet sånn vi ser det, Sakselia. -Ca 700 husstander vil få strøm av en utbygging i den størrelse som det her er tenkt. Sett i lys av de voldsomme spor en slik utbygging vil sette i terrenget, med dertil rasering av store utmarks-områder kan vi ikke se at virkningene på samfunnet er noe annet enn negative. -Den private vegen som <i>søker</i> skal bruke for å komme opp til tenkt inntak i Sesselva er en seterveg som vi andre grunneiere	-Her er teksten i søknaden unøyaktig. Det er rett at to av grunneigarane inntil elvane er aksjonærer i Sesskraft AS. Sesskraft AS har kjøpt fallrettane og rett til framføring av vassveg frå Vestnes Vassverk LL. Tidlegare har Vestnes Vassverk LL kjøpt rettane frå etterkomarane etter ing. Henry Knoph, som kjøpte rettane frå bruka i området på slutten av 1800-talet. -vi vil holde fast ved at elvestrekninga som vert råka av ei utbygging vert lite brukt til fiske. -her kjenner vi oss ikkje igjen. Inntaket i Sesselva ligg nedstrøms Daugstadsætra og Sessetra. -ei utbygging vil ikkje føre til «rasering av store utmarks-områder» etter søkjar sitt syn. -det er rett at Sesskraft AS må inngå avtale om bruk av vegen opp til inntaket i Sesselva.

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment	Kommentar frå søkjar
		også er medeiere i. Det er ikke inngått noen avtale om bruk av denne vegen i anleggstida. <i>Oppsummert så ser vi så store negative konsekvenser for oss andre grunneiere, bygdafolk på Daugstad og liketil Vestnes kommune at elvene ikke bør bygges ut, men fortsatt renne fritt for framtida</i>	-vi meiner utbyggingsplanane ikkje medfører store negative konsekvensar for grunneigarar og bygdafolk. Med avbøtande tiltak, flytting av inntak for Vestnes vassverk oppstrøms i vassdraget og elles aktivitet i byggefasen av prosjektet meiner vi at prosjektet har positive verknad for lokalsamfunn, jfr. uttale frå Vestnes kommune.
4.	Landbruks-museet i M&R.	-Fossen i Sakselia er Vestnes kommune sin mest slående naturattraksjon. I dette tilfellet ber vi NVE om å ta hensyn til nærings og kulturaktører som vil tape på ei regulering av vassdraga på Daugstad. Landbruksmuseet for Møre og Romsdal vil med dette be om att konsesjonssøknad fra Sesskraft blir avslått.	-auka minstevassføring vil ivareta fossen som viktig landskapselement. I tillegg vil fossen framstå visuelt tilnærma som før i flaumar (flaumane i vassdraget er typisk i størrelse 10-15 m3/s og omsøkt slukeevne er 2,2 m3/s)
5.	Benedikte Ulrich	-viktig for mangfaldet i naturen å ikkje bygge ut ved Liafossen. -må bevare iallfall nokre av naturens underverk i kommunen utan at dei skal skjendast av byggeanlegg og vegar.	-mangfaldet i naturen vert godt ivareteke gjennom avbøtande tiltak.
6.	Anja Michaelis	-imot at Sesskraft AS skal få konsesjon til å bygge kraftverk ved Liafossen/Sesselva - ikke riktig at for liten eller ingen økonomisk gevinst for 2 privatpersoner et stort landskapsområde skal bli forandret eller ødelagt. - gammelt kulturlandskap og turmål for mange - Liafossen eneste fossen i vår kommune som er synlig over store avstander og preger landskapet - i praksis vil den forsvinne. - Bygging av rørgate og anleggsvei vil føre til store sår i landskapet. - redd for at både plante- og dyrelivet rundt elven vil forandres, det ville ikke være fisk igjen i elven.	-minstevassføring ivaretek Liafossen som Landskapselement. -trykkrøyr og anleggsveg vil etter oppussing og revegetering ikkje framstå som sår i landskapet.

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment	Kommentar frå søkjar
7.	Janne Sætre Valldal	-sterkt imot at det blir bygd ut kraftverk i Sesselva/ Liafossen - urørt område og gammelt kulturlandskap - mykje benytta som turområde - einaste fossen i kommunen som ein kan sjå på lang avstand. - all fisken i elva vil bli borte noko som vil bli eit stor tap for bygda. -kva med turismen , ingen bryr seg vel om eit kraftverk	-det kan vere ulike syn på kva som er «mykje benytta turområdet». Etter søkjar sitt syn er utbyggingsområdet ikkje mykje nytta som turområdet. Dei negative verknaden for turbruk er først og fremst knytt til anleggsfasen. -ei utbygging vil få liten/ingen verknad for turisme i området.
8.	Peder Kåre Sætre	-protesterer krafigt mot det planlakte krafverket i Sesselva og Hoemselva. - Sakselifossen er den einaste fossen av den storleiken i Vestes,og den må bevarast. - Det er heller ikkje behov får krafta dette verket gjev ifølge Nordvestnett.	
9.	Naturvernforbundet i Vestnes.	-ei vassdragsregulering av omsøkt storleik vil utgjere eit irreversibelt inngrepsnivå som kjem til å påverke eit sjeldant fint naturområde med høge referanseverdiar på ein uheldig måte -påpeike kulturminneverdiar, friluftsliv, samt opplevingsverdi og reiselivspotensiale i høve til området -bm-rapporten er ikkje tilstrekkeleg utfyllande i høve til Sakselifossen og ugjødsla beitemark i omr., verknad på vegetasjon, dyre og fugleliv. -regulering av vassdraget vil påverke elveøkologien på ein slik måte at typiske byttedyr for fossefall i form av akvatisk levande larvar og anna botndyrfauna vil komme vekk, eller få sterkt redusert bestand. -fleire artar enn dei som er nemnde i bm-rapporten finst i området – dvergfallk, strandsnipe, grønspekk, oter	<i>Av Bioreg AS v/Finn Oldervik:</i> -Det er registrert noko ugjødsla beitemark ved Sakselia, men desse vert ikkje påverka av det planlagde tiltaket. Sakselifossen/Liafossen har ikkje særskild stor verdi for biologisk mangfald, men kan med ein viss rett hevdast å vera eit viktig landskapselement for oppleving og rekreasjon. Det vil ein no bøta på ved å auka minstevassføringa slik at fossen framleis vil vera synleg ved høge og normale vassføringar. -Den biologiske produksjonen i elva vil nok gå noko ned samla sett, men med den auka minstevassføringa det er lagt opp til vil produksjonen av botnfaua framleis verta betydeleg, og vi vil også minna om at ein art som fossefall også kan henta føda si oppstraums inntaka eller nedstraums kraftverket. Men med den minstevassføringa det er lagt opp til vil matproduksjonen i elva framleis vera god, - også etter ei utbygging. -At det er fleire fugleartar i området enn det som er lista opp i BM-rapporten er sjølv sagt. Men det er knapt nokon av dei artane som er

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment	Kommentar frå søker
		- kvitryggspett er observert i nabobygda - vintererle vart observert ved strykparti nær Sakselidfossen våren 2011 - viser til lova om naturmangfald som sett føringar om betre konsekvensutgreiing enn kva utbyggar si naturfaglege undersøking i dette tilfellet gjer. - Slik Sakslifossen framstår fritt rennande er den utvilsamt den mest karakteristiske fossen i Vestnes kommune. - På låg vassføring om sommaren er fossen framleis eit markant innslag i landskapet, og ved omsøkt reguleringsplan vil denne eineståande verknaden i landskapsmessig forstand bli kraftig redusert i rein opplevingsverdi - Sakslifossen saman med natur- og kulturpåverka områder rundt er viktig for turisme - naturverdiane i området er viktige for friluftsbukarar,	nemnd her som vert skadelidande av ei utbygging. Artar som vintererle og strandsnipe er begge av dei artane som hentar føda si i vatn og strandsnipe er også komen inn på raudlista no. Men vi kan ikkje sjå at nokon av desse artane vert målbart skadelidande av ei eventuell utbygging. Naturvernforbundet sin representant nemner også kvitryggspett, og den vart då også observert ved den naturfaglege undersøkinga og omtala i BM-rapporten. Elles er fugl ei gruppe som vert lite påverka av slike utbyggingar, utanom akkurat i anleggstida. Om sårbare artar hekker i nærleiken av tiltaksområdet, kan anleggsverksemda leggjast utanom hekketida. Oter vert vanlegvis vurdert som ein art som finn mesteparten av føda si i saltvatn ved kysten, men som av og til tar streif langs vassdrag og opp i innlandsvatn. Det vert likevel ikkje rekna som ein art som vert skadelidande i særleg grad av vasskraftutbyggingar. Vil til slutt minna Naturvernforbundet sin representant om at ein BM-rapport greier ut om biologisk mangfald som har relevans til det planlagde prosjektet, - ikkje andre tema som landskapsverdiar og friluftsliv/turisme. Komentar frå søker/BystøIAS: Det er rett at Sakslifossen også ved låg vassføring om sommaren er eit markant landskapselement. Sjå bilete siste side. Elles er vi av den oppfatning at redusert vassføring i fossen vil ha liten/ingen verknad for turismen i området.
10.	Istad Nett AS	- det er pr. i dag ingen kraftverk i 22 kV-nettet under Kjelbotn transformatorstasjon og trafokapasiteten der er ikkje begrensande. - i 132 kV nettet vil innmating ikkje medføre kapasitetsproblem - trafo 420/132 kV i Ørskog går med nær fullast. Trafokapasiteten	-ok -ok

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment	Kommentar frå søkjar
		her er planlagt dubla med idriftsetjing 2015, og kapasiteten vil då bli ok.	-ok
11.	Moritz Michelis	-Liafossen er ein fin foss og bør ikkje takast vekk -heilt idiotisk å øydeleggje all den fine naturen og alt dyreliv inntil fossen berre for litt straum.	Fossen vert ikkje borte og biologisk mangfold vert lite påverka ved auka minstevassføring. Dyreliv inntil fossen vert ikkje øydelagt.
12.	Elisabeth Sætre	-er sterkt imot utbygging av Sesselva. Har vokse opp i området og brukt det som turområde.	Ingen kommentar
13.	Berit Sætre	- proteserer mot det planlagte kraftverket som Sesskraft planlegger. Dette er et urørt naturområde som blir mye bruk til friluftsliv og rekreasjonsområde med rikt dyre og fugleliv. Å ødelegge så mye for kun å gi støy til 700 husstander er heilt horribelt.	-det er ikkje rett at området er eit «urørt naturområde»
14.	Sven Michaelis	-området er en villmarksperele i kommunen. -rørtrasé og anleggsveg vil øydelegge turområdet	-området har ikkje kvalitetar som tilseier at det kan kallast «villmark»
15.	Rannaug Louise Daugstad	-Protesterer på at det gies tillatelse til utbygging av Liafossen på Daugstad i Vestnes kommune. Ei naturperle og eit turmål som er ofte besøkt.	Ingen kommentar
16.	M & R Fylkeskommune	-kjenner ikkje til at det er registrert automatiske freda kulturminne i området, men ønskjer gjerne nærare opplysningar om trasé og kraftverktomt for å vurdere potensialet for hittil ukjente kulturminne. -Vi registrerer at det er gjort undersøkingar, men i omtalen av lokalitetane (3.4) kjem det ikkje fram kva relativ verdi desse har (regional, lokal ev. svært viktig/viktig). -Området er som nemnt nytta som turområde med tilkomst hovudsakleg via setervegen til Daugstadsetra. I ei viss utstrekning har området regional verdi, kanskje først og fremst på grunn av at	

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment	Kommentar frå søkjar
		toppane i bakkant trekkjer fjellvandrarar regionalt, både sommar og vinter. -Den estetiske opplevinga av landskapet er ein viktig del av friluftskvalitetane, men er ikkje nemnt i konskvensomtalen. -Liafossen, nye vegar og eventuelle rørgater i dagen vil påverke friluftskvalitetane negativt. Desse elementa vil etter vår vurdering ikkje ha slike kvalitetar at det gir vesentlege konsekvensar utover det lokale, men bør ligge til grunn for drøfting av avbøtande tiltak (minstevassføring, vegutforming mv.). -Konklusjon: Vi vil ikkje gå imot at det vert gitt konsesjon, men viser til merknader ovanfor. Vi peikar særleg på at det må vurderast arkeologiske registreringar i samband med detaljplanlegginga. Vi ber om at det vert teke kontakt med fagsaksbehandlar for nærare avtale.	-friluftskvalitetane vert først og fremst påverka i anleggstida. I driftsfasen, etter at vegetasjon er på plass igjen, vil det mest synlege vere redusert vassføring i elva. -vi registrerer at kulturavdelinga ynskjer arkeologiske registreringar samband med detaljplanlegginga. Elles gjeld kulturminnelova til ei kvar tid slik at tiltakshavar må ta omsyn til eventuelle funn i heile byggeperioden.
17.	Linda Valldal	-bruker området der utbyggingen skal foregå mye til turer når jeg er på ferie der. Spesielt området ved Sakselifossen er mye brukt.	Ingen kommentar
18.	Therese Valldal	-La fossen leve! Bevar den uberørte naturen! -Jeg vil bevare naturen i området slik den har vært i alle år. La fossen, elva og området rundt forbli uberørt av griske utbyggere og la neste generasjon også få oppleve denne vakre naturen.	Ingen kommentar.
19.	Åsmund Skålvik	-er lærar som brukar omsøkt område i undervisninga (naturforvaltning og biologi) -Liafossen gjer lokaliteten viktig. -Dersom NVE tilrår denne konsesjonen sender dere også et negativt signal til ungdommen om at det er økonomien som er viktigst og naturverdiene kommer i andre rekke. Dette er i strid med føringer ellers i samfunnet, og politiske signal fra de fleste parti.	-området kan også etter ei utbygging nyttast i undervisningssamanheng. -vedr. politiske signal så er det mange av dei! Det er brei politisk semje om å bygge ut småkraftverk der verknadene for almenne interesser er akseptable.
20.	Fylkesmannen i M & R	Merknader: <i>«Vi ser likevel i denne saka, som også i andre, at den samla verdien av og konsekvensane for aktuelle naturtypar ikkje alltid får den naudsynte vektlegginga samanlikna med interessante artsfunn. Vi ser difor grunn til gjere merksam på at når ein</i>	Av Bioreg AS v/Finn Oldervik: - Vi seier oss i prinsippet samde i dette, men vår oppgåve er å vurdere omfang saman med verdi, noko som ikkje bestandig fører til store negative konsekvensar.

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment	Kommentar frå søkjar
		<i>naturtype vert fanga opp av denne nasjonale kartleggingsmetodikken, så er i prinsippet områda spesielt viktig for det biologiske mangfaldet.»</i> <i>«1 rapporten er utbyggingsområdet samanlikna med andre nedbørsfelt. Dette er eit avsnitt som er lite avklarande. Det er opplyst at framleis er nokre av dei mindre elvane i Vestnes og Tresfjorden ikkje utbygde, men det er klart at det minkar med slike. Dessutan er dei fleste mykje mindre enn desse to. Det kjem vidare fram i mangfoldsrapporten at sidan dei registrerte verdiane i Sesselva og Hoemselva trass alt er relativt avgrensa, så må ein ha lov å forventa at det er andre elvar som langt på veg kan ta vare på nokre av dei naturverdiane som eventuelt vil gå tapt ved å byggja ut desse to elvene. Vi er ikkje trygg for at ein slik tanke vert ivareteke».</i> <i>«Under synfaring i området registrerte vi at i begge vassdraga er det førekomstar av naud ved. Under nedbrytingsprosessar av stokkar under sers fuktige tilhøve kan spesialiserte artar vere til stades og dette vil etter vår vurdering forsterke den biologiske verdien av dei to vassdraga.»</i> <i>«Myra vest for Sessetra er også eit særprega område for biologiske verdiar. Det er tidlegare registrert fleire rikmyrar i kommunen med verdi C, men berre tre med verdi B. Det mest spesielle med denne er at ho også er vurdert som slåtte/beitemyr.</i>	Vi er for så vidt samde i desse innvendingane, men her må ein hugsa at rapporten vart laga for mange år sidan og det var sjølvsagt vanskeleg, for ikkje å seia umogleg å føresjå kva som ville henda med kvar einskild elv i framtida. Så vidt vi har fått opplyst, så er Sesselva og Hoemselva to av dei elvane som kommunen har gjeve grønt ljøs for å byggja ut. Utan å vera lokalkjend i kommunen har vi då sjølvsagt lagt til grunn at det var andre elver som det var større grunn til å ta vare på og som slik kunne ta vare på verdiar som direkte var knytt til elvestrengane. Vi går ut frå at det er dei små tvibladmosane Fylkesmannen tenkjer på her. Til det er å replisera at vi har desse i tankane under ei kvar elvekartlegging, men som rapporten viser, så vart ingen av desse artane påvist her. I det heileteke så virka mosefloraen å vera triviell over alt innan influensområdet og Møre og Romsdal er generelt eit fylke med få raudlista og/eller krevjande moseartar knytt til slike miljø som dette. Heller ikkje i fosseprutsona under Sakselifossen vart det påvist særskild interessante moseartar. Vi har ikkje gått inn i problematikken kor få eller mange rikmyrar som er registrert i Vestnes kommune, men erfaringsmessig er det ein god del fleire enn det som er registrert i Naturbase. Når myra er

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment	Kommentar frå søkjar
		<i>Dette er første registreringa av den naturtypen i kommunen og informasjonen vil bli lagt inn i Naturbase. Ei eventuell gjennomføring av det planlagde tiltaket vil få vesentlege negative konsekvensar for myra.</i> <i>Oftast vil slike grøfter føre til ei ganske mykje breiare inngrepssone enn det som ein ser for seg i utgangspunktet, samtidig som graving av grøft gjennom myra vil føre til ein del oksidasjon av det organiske materialet. Vi vil merke at grøfta vil få ein drenerande effekt og etter ei stund ville ein truleg sjå at det nærast grøfteområdet vil forsterke ein attgroingsprosess med krattskog og som vil vera negativt for både myra og det særskilde plantelivet.»</i>	registrert som beite/slåttemyr, så er det nærleiken til seterstølen som gjev grunn til dette. Kan henda at det har vore slått her i eldre tid, men dette kan ikkje seiast for sikkert lenger, men husdyrbeiting har det i alle vore her så lenge seterstølen har vore i bruk og framleis er det beita her. Slåtte/beitemyr står oppført med to utformingar i DN-handboka, men det er ikkje laga noko nytt faktaark for beitemyr (D0202) berre for slåttemyr (D0201). Om ein ser bort frå kulturdelen for denne myra, så ville den ha vorte registrert som rikmyr (A05) av utforming rik skog- og krattbevokst myr (A0501) ca 50 % og middelsrik fastmattemyr (A0502) ca 50 %. I samband med revisjon av DN-Handbok 13 er det kome inn ei ny utforming av rikmyr, nemleg skog-/krattbevokst rikmyr i høgareliggande stråk (MB-NB) A0508, som vel vert det rette for denne myra. For rikmyr er det utarbeidd eit førebels faktaark av Dag-Inge Øien, Asbjørn Moen & Anders Lyngstad 01.03.2013. Om skjøtsel og omsyn heiter det i dette faktaarket at; <u>«Det krevst at hydrologien vert halde intakt for å oppretthalda myra sine særeigne eigenskapar og miljøtilhøve. Rikmyr er difor generelt kjenslevar for inngrep. Dette gjeld heile myra (myrkomplekset) sjølv om rikmyr berre utgjer ein liten del. Det er dirfor viktig å inkludera buffersoner ved avgrensing av lokalitetane, og legge grensa inne på fastmark, i alle fall ovanfor myra. Ofte har også myrkantene (overgangen myr-fastmark) spesielt artsrikt planteliv.»</u> Dette saman med anna kjent kunnskap om myr, gjer at vi er heilt på line med Fylkesmannen kva gjeld denne myra, og det er utan tvil den av dei tre registrerte prioriterte naturtypane innan influensområdet som ei utbygging gjev størst negativt omfang for. Isolert sett, så vil ei vasskraftutbygging slik planane ligg føre gje

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment	Kommentar frå søkjar
			middels negativ konsekvens for rikmyra. Ein legg då til grunn at verdien er middels og at omfanget vert middels/stort negativt. Etter at utbyggjarane la inn i planane at minstevassføringa om sommaren skulle doblast til 2x5-persentil, så kan vi ikkje vera samd med Fylkesmannen i at utbygginga får alvorlege påverknadar på tre område som er spesielt viktig for det biologiske mangfaldet. Verken miljøet ved fossen eller bekkekløfta vil verta vesentleg negativt påverka etter vår meining. Og då står vi att med den eine, nemleg rikmyra. Her har vi ikkje noko godt forslag til avbøtande tiltak anna enn å flytta inntaka lenger nedover i elva. Om ein til dømes flyttar inntaket i Hoemselve ned til ca kote 280, vil rikmyra verta heilt upåverka av tiltaket og samla lengd på røyr gatene og dermed inngrepa i marka vil verta vesentleg mindre. Vi ser da for oss at ein kjem seg ut av bekkekløfta ved eit borehol, slik at overføring til inntaket i Hoemselve let seg gjera utan at inngrepa vert særleg skjemmaende eller skadelidande for biologisk mangfald. Dessutan vil ein stor del av Sesselva si bekkekløft verta heilt upåverka av utbygginga.
21.	Erling Daugstad Hjelvik	-har merka seg at vassverket skal kople seg på trykkrøyet og føra vatn forbi kvern- og sagfalle sitt. Erklæring av 9.06.1898 og av 25.06.1898 seier at vatnet skal sleppast fri til Erik Ellingsens vanninntak - same erklæring gir rett til å leie vatnet over eigedomen, men ikkje føra det bort. -som grunneigar på nordsida av elva (5/5) har Erling D. Hjelvik ikkje fått vore med på attendekjøp av rettane som forfedrane selde til ing. H. Knoph.	Går ut ifrå at dette er eit privatrettsleg tilhøve som må finne si løysing gjennom ein privat avtale.
22.	Gunnar	-kommentar til konsesjossøknaden. Side 5 og side 13 står det Sesskraft A/S er stifta av eigarane av tilstøytande eigedomar til	Viser til kommentar til pkt 3 over.

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment	Kommentar frå søkjar
	Daugstad	vassdraget" MERKNAD nr 1:Eigarane av Sesskraft A/S er berre to av mange grunneigarar som grensar til vassdraga. -På side 22,1 avsnitt står det."Fallrettane tilhøyrande Vestnes Vassverk A/L, er no kjøpt attende av grunneigarane". MERKNAD nr.2:Fallrettane er kjøpt attende av to av grunneigarane. Geir Sætre har representert berre desse to grunneigarane.	

22.10.2013

For søkjar Sesskraft AS

Bystøl AS

Agnar Foss



Liafossen midt i bilete, teke frå vestsida av Tresfjorden 14.10.2013. Vassføring berekna til 280 – 300 l/s (etter målt vassføring i målestasjon 104.23 Vistdal omrekningsfaktor 0,136 til Hoelmselva).

